



## SAK: 18/ 2015 Høyring «Veivalg» for framtidig kyrkjeordning.

**Sakshandsamar:** Herdis Elin Lexau

**Saksdokument:** «Veivalg for framtidig kyrkjeordning» Høyringsnotat frå Kyrkjrådet.

### Saksutgreiing:

Kyrkjemøtet har bede Kyrkjrådet leggje fram ei sak om grunnleggande vegval for ei framtidig kyrkjeordning. Høyringssvara vil gje grunnlag for at Kyrkjemøtet kan handsame saka våren 2016 med sikte på det vidare arbeidet med å gjere endringar i ulike regelverk. Høyringa handlar med andre ord om fasen etter 2017 og at ein forventar at forvaltningsråma for eit tydeleg skilje mellom staten og kyrkja då er gjennomført. Høyringa «Veivalg for fremtidig kirkeordning» er sendt til sokneråda, fellesråda og andre kyrkjelege organ og andre organisasjonar høyringa vedkjem. Føremålet med høyringa er å skildre sakleg dei alternativa som synast å føreliggje og såleis gje grunnlag for at Kyrkjemøtet kan føreta avveininga og leggje føringane som vert vurdert viktige og nødvendige for det vidare arbeidet. Etter at dokumentet har vore ute på høyring, vil Kyrkjrådet etter planen i 2016, gje uttrykk for sine vurderinger og tilrådingar med bakgrunn i dei signal som kjem fram i høyringa. Dei vegvala som Kyrkjemøtet føretar i denne saka vil legge vesentlege føringar for dei konkrete utformingane av kyrkja sine ordningar.

### **Visjon for kyrkjeordninga.**

#### **Ny ordning for den nordiske kyrkja skal bidra til:**

- At kyrkja kan utføre sitt oppdrag i ei ny tid.
- At dei døypte kjenner glede ved å tilhøyre kyrkja.

#### **Den nye ordninga skal sikre:**

- God kyrkjeleg betjening over heile landet.
- God resusursutnytting – meir kyrkje for pengane.

#### **Ordninga skal bidra til å gje dei frivillige medarbeidarane i kyrkja**

- Glede og frimodigheit i arbeidet.
- Tru på fellesskapet.
- Tru på eigne ressursar.

#### **Ordninga skal bidra til å gje rådsmedlemmane:**

- Glede ved å delta.
- Reel innflytelse.
- Godt grunnlag for beslutningar.
- God administrativ støtte i arbeidet.

**Ordninga skal bidra til å gje dei tilsette:**

- Glede i arbeidet.
- Tid til kjerneoppgåvane.
- Tydelege og forutsigbar leiingsstruktur.

Det er heile tida snakk om at ein skal styrke soknet og den lokale kyrkja.

Dette krev ei kommunal forankring, derfor bør finansieringsordninga vi har i dag vidareførast. Ordninga der DNK har ansvaret for gravferdsforvaltning bør og vidareførast.

**Vedtak:**

1. Bør det gjørest endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

**FR meinar at vilkåra som gjeld i dag vanskeleggjer store endringar i fordeling av oppgåver og myndighet mellom lokale, regionale og nasjonale nivå i kyrkja.**

2. Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om dagens finansieringsordninger den beste til å sikre en bred folkekirke.

**Ja, noverande finansieringsordning er ei god ordning for DNK. Det er viktig å halde på dagens ordning fordi kommunane er nær den lokale kyrkja og ser kva verdi og utfordringar kyrkja har for lokalsamfunnet. Denne nære relasjonen gjev kyrkja gode høve for dialog med dei som løyver midlar. Dette vil være eit viktig verktøy for å kunne sikre ei landsomfattande folkekyrkje.**

3. Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn svaret.

**Ei kombinasjonsløsing, der største delen vert finansiert av det offentlege i kombinasjon med ei livssynsavtale som vert krevd inn av alle medlemmar over skattesetelen.**

4. Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

**Dersom vi får ein omfattande kommunereform, vil dette kunne gje nye mogelegheiter for kyrkjeleg organisering – og ein kunne få til ei ordning med tre nivå: Kirkerådet – fellesråd – sokneråd. Dersom situasjonen vert om lag som i dag for kommunane, må ein leite etter eit anna mellomnivå t.d. bispedømmenivå.**



**5. Har høyringsinstansen synspunkt på kriteriene for sokkestørrelse og sokneinndeling i en framtidig kirkeordning?**

**Ja, soknet må vere grunneininga i DNK. Det bør leggast til grunn at kyrkja skal halde fram med å vere landsdekkjande. Det er viktig å arbeide for å finne ein god soknestruktur. Det blir vanskeleg å lage ein felles mal for heile landet.**  
**Målsettinga må vere å sikre lokalt engasjement for kyrkja.**

**6. Bør ordninga med to organ for soknet ( menighetsråd og fellesråd) vidareførest?**

**Ja, avdi dagens ordning med to organ fungerar godt. Når det er to organ, får soknerådet hove til å ha merksemد på det som skal vekkle og nære det kristne livet, og fellesrådet vil kunne konsentrere seg om det som krev spesialkompetanse d.v.s. kyrkjebygg, personale, gravplassar og økonomi.**

**7. Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?**

**På kommunenivå etter at kommunereformen er vedteken. Alternativt i eit fellesorgan for fleire kommunar dersom kommunen ikkje blir stor nok til at ein får eit robust forvaltningsorgan.**

**8. Hvis ordningen videreførest: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen Mellom menighetsråd og fellesråd?**

**Nei, om kommunane blir større vil avstanden mellom sokne og fellesråd bli større. Derfor må ein sikre at dei enkelte sokn får reelt hove til å påvirke utviklinga i soknet m.a. ved tilsetjingar og økonomiske prioriteringar.**

**9. Bør all virsomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvar til soknets organer?**

**JA, all verksemد til soknerådet bør vere inkludert i styrings – og leiingsansvaret for sokna sine organ. FR meinar at prestetenesta framleis må ha sin eigen styrings – og leiingsstruktur.**

**10. Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiserest?**

**Om prestetenesta vert inkludert i soknets virksomhetsansvar meinar FR at presten kan, men ikkje må, få rolla som dagleg leiar i ei framtidig kyrkjeordning.**

**11. Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?**

Sjå punkt 9. vi ser ikkje for oss korleis biskopen si rolle kan endrast. Må i sitt arbeid ivareta og symbolisere heilskapen i eit bispedømme og kyrkja samla.

**12. Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?**

Biskopen bør ha virkemidlar som i dag.

**13. Hvordan bør utpeking av biskop skje i en fremtidig kirkeordning?**

Som i dag.

**14. Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?**

Bispedømmerådet bør oppretthaldast fordi prinsippet med samvirke mellom embete og råd ligg fast i kyrkja og må gjere det. Arbeidsgjeveransvaret og tilsynsoppgaver for prestane og andre vigsla stillingar.

**15. Hvilken oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?**

Jamfør over.

**16. Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?**

Dagens delte organisering av arbeidsgjeveransvaret videreførast med dei naudsynte endringane som trengst for betre samordning. Det inkluderar ei styrka rolle for soknets organ ved prestetilsetjingar, tilsetjing av vigsla stillingar i bispedømmet og at det etablerast ei ordning for felles eller samordna dagleg leiing lokalt.

**17. I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer?  
(Biskopen regnes i denne sammenhengen som ei organ).**

FR rår til at fordelinga er om lag som i dag.

**18. I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?****I liten grad.****Spørsmål 19 – 26.****Ingen svar.****27. Har høyringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?****Ungdomsdemokratiet og ungdomens stemmerett på Kyrkjemøtet må fastsettast innanfor eit nytt regelverk.**